Kommunen har mynde til å gje konsesjon til nokre typar vasskraftverk. Myndet følgjer av vassressurslova § 64, 2. ledd: «*Kommunen treffer vedtak om konsesjon til vannkraftverk på inntil 1 MW installert effekt etter § 8 første ledd. Kongen kan gi forskrift om unntak fra første punktum. Kommunen fører tilsyn med at utbyggingen skjer i samsvar med konsesjonen og kan kreve retting etter § 59 og pålegge tvangsmulkt etter § 60. Kommunen er myndighet etter §§ 27 og 28 for vedtak etter dette leddet*». (Vassressurslova § 8 definerer kva som er konsesjonspliktige tiltak).

Kapittel 3 i vassressurslova har sakshandsamingsreglar for konsesjonssaker. § 23 omtalar innhaldet av søknader og saksutgreiinga: «*Søknad om konsesjon etter § 8 skal i samsvar med forskrift etter § 65 gi nødvendige opplysninger om det planlagte tiltak og fordelene og ulempene ved det og om forholdet til rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven.*
*Vassdragsmyndigheten kan kreve ytterligere opplysninger av søkeren og kan bestemme at søkeren skal foreta eller bekoste undersøkelser eller utredninger som trengs for å klarlegge fordeler eller ulemper av tiltaket. For tiltak som går inn under reglene om konsekvensutredninger i plan- og bygningsloven, gjelder disse reglene i stedet.*
*Hvis et vassdragstiltak kan volde vesentlige skader eller ulemper, skal det legges vekt på å få utredet aktuelle alternativer som har en annen lokalisering, andre tekniske løsninger eller en annen utforming. Hvis tiltaket vil ha betydning for disponeringen av vassdraget for øvrig, skal det legges vekt på å klarlegge slike følger*».

§ 25 omtalar kriterium for konsesjon: «*Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet.*
*Når et tiltak er av varig karakter eller av andre grunner kan få mer langsiktige virkninger, skal kravet i første ledd være oppfylt på lengre sikt*».

§ 26 omtalar vilkår for konsesjon: «*I konsesjonen kan det settes vilkår for å motvirke skader eller ulemper for allmenne eller private interesser. Det skal legges vekt på å fremme sikkerhet mot skade på mennesker, miljø eller eiendom, sikre en best mulig landskapsmessig tilpasning og å opprettholde det naturlige liv i vassdraget. Det kan herunder settes vilkår for å*
*a) sikre mot skade gjennom konstruksjons- og funksjonskrav og krav til nødvendig vedlikehold av vassdragsanlegg;*
*b) sikre opprydding eller tilbakeføring ved nedlegging;*
*c) tilpasse tiltaket til annen aktuell utnytting;*
*d) gi adgang for andre til å ta del i vassdragstiltaket;*
*e) avbøte skader og ulemper ved eldre tiltak i vassdraget, herunder ved gjenåpning av bekker, reetablering av kantsoner og annen restaurering av naturområder, dersom det står i rimelig sammenheng med hva konsesjonen gjelder.*
*Kan et vassdragstiltak påvirke vannføring og vannstand, skal det fastsettes grenser for vannstand og vannføring i samsvar med § 10, med nødvendige pålegg for kontroll, og om nødvendig gis pålegg om hvordan tapping av magasin skal skje.*
*I konsesjon til vassdragstiltak som kan volde vesentlig ulempe for annen utnytting av vassdraget eller nedbørfeltet, kan det settes som vilkår at tiltakshaveren legger til rette for*

2.8.
2#27:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:15

*slik utnytting annet sted eller yter tilskudd for dette formål.*
*Konsesjonen kan tidsbegrenses. Det kan bestemmes at konsesjonen skal revideres etter en viss tid.*
*Det kan settes vilkår om sikkerhet for eventuelt erstatningsansvar for skade eller ulempe som tiltaket volder. Dersom tiltakshaveren selv rår over grunnen der tiltaket skal utføres og tiltaket åpenbart ikke vil volde tap eller skade, kan vassdragsmyndigheten frita tiltakshaveren fra å begjære skjønn til fastsetting av eventuell erstatning».*

*Om søknaden/prosjektet*
Fossheim minikraftverk vil nytte eit vassfall på 6,0 m frå kote 203,3 til kote 197,3 i Jølstra ved
Vassenden. Ein kaplanturbin vert installert med ei effekt på 0,5 MW. Venta middel årsproduksjon er 3,4 GWh. Middelvassføringa ved inntaket er rekna til 28,9 m³/s med 5-persentil sommar- og vintervassføring på høvesvis 20,2 m³/s og 5,5 m³/s. 5-persentil viser her til den vassføringa som femner 5 % av observasjonane for høvesvis sommar- og vintermånadane (mai-september og oktober-april). Det vil seie at 5 % av observert sommarvassføring er mindre eller lik 20,2 m³/s. Tilsvarande er 5 % av observert vintervassføring mindre eller lik 5,5 m³/s.



***Figur 1.** Foto frå utbyggingstrekninga ved ei vassføring på 5,5 m³/s (frå konsesjonssøknad)*

Det er planlagt ei minstevassføring lik 20 m³/s om sommaren og 5 m³/s om vinteren. Maksimal slukeevne i kraftverket vert 12 m³/s eller om lag 42 prosent av middelvassføringa. Minste driftsvassføring er 3,6 m³/s. Kraftverkets slukeevne er låg, samanlikna med middelvassføringa,
for å ivareta storauren i Jølstravatnet. Dam i Jølstravatnet er regulert av Sunnfjord Energi

2#28:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:16

AS og tilpassa for kraftverk lenger ned i vassdraget. Kraftverket vil ikkje ha nye reguleringar.

Prosjektet skal ruste opp den gamle inntakskanalen til det nedlagde kraftverket og bygge ei ny 100 m
lang røyrgate nær den gamle vassvegen (sjå figur 2, nedanfor). Kraftstasjonen ligg i dagen. Det vert ikkje nye vegar eller avkøyrsler i samband med utbygginga.



***Figur 2.*** *Detaljkart for prosjektet/tiltaket (frå konsesjonssøknad)*

Kraftverket vert kopla til det eksisterande 22 kV-nettet med ein 50 m lang jordkabel.

*<u>Vurdering av omsyn – lønsemd</u>*
NVE har kontrollert kostnadane og produksjonen i prosjektet. Dei får omtrent same tal som er oppgjeve i søknaden. Utbyggingskostnad (prisnivå 1.1.2018) er på 13 mil. Kr. Årleg produksjon er rekna til 3,4 GWh. Utbyggingspris vert etter dette 3,84 kr/kWh. Energikostnad over levetida (LCOE) er rekna til 32 øre/kWh. Denne energikostnaden er innanfor dei beste 20 % av dagens konsesjonsgjevne vind- og vasskraftprosjekt.

*<u>Vurdering av omsyn – fisk og vassorganismar</u>*
Storauren i Jølstravatnet har gyte- og oppvekstområde i Jølstra. Søkjar har fått utarbeidd eit notat for å vurdere verknadane av ei utbygging for storauren (sjå vedlegg i søknad). Det er Harald Sægrov hjå Rådgivende biologer AS som er ansvarleg for notatet.

I notatet vert mellom anna følgjande sagt om Fossheim kraftverk og storauren: «*Aurane som skal nedover i Jølstra for å gyte og aureungane som skal opp att i Jølstravatnet for å beite må passere den 150 meter lange strekninga strekninga der vatn i elva blir fråført gjennom Fossheim kraftverk. På strekninga frå utløpet av Jølstravatnet og ned til avløpet frå kraftverket renn elva stri over fjell og blokker. Det er ikkje registrert gyting på utløpet av vatnet og det er lite sannsynleg at det førekjem gyting på denne strekninga, fordi elva er for stri til at gytegrus blir liggjande stabilt. (…)*
*Dersom Fossheim kraftverk blir realisert må nedvandrande større aure og oppvandrande aureungar passere ei 150 meter lang elvestrekning med redusert vassføring. Med den føreslegne minstevassføringa på 5 m³/s om vinteren og 20 m³/s om sommaren vil*

2.9
2#29:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:17

*nedvandring ikkje bli vanskelegare, medan redusert vassføring gjer at oppvandring for aure blir lettare på dette strie partiet. (...)*
*I dei framlagde skissene ligg første del av inntakskanelen nær vinkelrett på straumretninga i elva, og dette vil i seg sjølv redusere sjansen mykje for at auren skal hamne i inntakskanalen. Ved inntaket til kanalen vil det bli montert ei neddykka varegrind som er skråstilt i vertikalplanet og med så stort areal at vasshastigheita gjennom grinda blir låg. På toppen av grinda er det fluktveg med opning på sida ut mot elva. Iflg. Krabøl (2013) bør lysopningane i varegrinda ikkje overstige 7- 10 % av fiskens lengde, i dette tilfelle 2,1-3,0 cm for fisk ned mot 30 cm. Vasshastigheita inn mot varegrinda bør ikkje vere over 50 cm/s (Kråbøl 2013), for fisk over 30 cm er dette under 2 to kroppslengder pr. sekund, og det vil vere uproblematisk for dei aktuelle storleiksgruppene av aure (> 30 cm) å symje mot straumen. Det er sannsynleg at vandrande aure held seg nær botnen, og ein 30 cm høg terskel under varegrinda kan vere ein effektiv måte for å hindre at fisk vandrar inn i inntaket.*
*Det er forventa at aureungane vandrar oppover mot Jølstravatnet i periodar med relativt låg vassføring sidan det er stritt på den øvste 400 meter lange strekninga mot vatnet. Avløpsvatnet frå kraftverket kjem med høgare vasshastigheit enn vatnet i elva og aureungane vil dermed ikkje bli lokka inn i avløpet. Større aure som vandrar oppover vil kunne gå mot avløpet, men vil flytte seg derifrå når dei skjønar at dei ikkje kjem vidare. (...). Dersom det blir laga ein 20-30 cm høg terskel skråstilt mot elva vil dette bidra til å avleie fisken frå å vandre inn mot avløpet.»*.

Fylkesmannen har gjeve fråsegn til søknaden. Fråsegna vurderer mellom anna konsekvensar for biologisk mangfald. I fråsegna vert mellom anna følgjande sagt:
«*Aurefisket i Jølstra er landskjend, og fisket er av særs god kvalitet samanlikna med fisket etter innlandsaure i dei fleste andre elvar i Sogn og Fjordane. (...).*
*Ut frå den fiskefaglege tilrådinga ser det ut til å utbygginga ikkje vil få negativ effekt på storaurebestanden, føresett at det vert stilt krav om tiltak for å hindre fisk i å kome inn i anlegget. For å sikre kvaliteten på dette avbøtande tiltaket må det stillast krav om at det vert nytta fiskefagleg ekspertise i detaljplanlegginga og under utbygginga. Vidare bør det utgreiast om det kan vere behov for omløpsventil for å hindre at utfall i kraftverket får effekt på vassdekt areal nedstraums avløpet i periodar med låg vassføring.*
*(...).Ofte kan det finnast lokal og erfaringsbasert kunnskap om ål, og dette burde ha vore sjekka ut. Dersom det er eller har vore ål i Jølstravatnet, må det stillast krav om tiltak for å hindre at ål kjem inn i kraftverket. (...).*
*Vi minner om at vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.»*.

Søkjaren har fått utarbeidd eit tilleggsnotat frå Rådgivende biologer AS, for å vurdere Fylkesmannens merknader m.o.t. ål og behovet for omløpsventil (sjå vedlegg 8). Notatet konkluderer med at det ikkje førekjem ål ovanfor Stakaldesfossen. Grunnlaget for denne konklusjonen er at verken prøvefiske (inkl. elektrofiske) eller fritidsfiske har gjeve indikasjonar på at ål nyttar denne delen av Jølstravassdraget.

Vidare seier notatet følgjande, når det gjeld omløpsventil: «*Minste og største slukeevne i Fossheim minikraftverk er planlagt til hhv. 3,6 $m^3/s$ og 12,0 $m^3/s$. Minstevassføringa i elva om vinteren er sett til 5 $m^3/s$. Dette tilseier at det ikkje vil vere drift i kraftstasjonen ved*

2#30:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:18

*vassføringar under 8,6 $m^3$/s. Maksimum skilnad i vassføring vil vere ved ei vassføring på 17 $m^3$/s, då går det 5 $m^3$/s i elva og 12 $m^3$/s gjennom kraftverket. Frå inntakskanalen til kraftstasjonen og ned til avløpet er det ei bratt elvestrekning på 150 meter, og fallet er 6 meter (4 % fall). Det bratte fallet gjer at vasshastigheita på strekninga ved vassføringar over 5 $m^3$/s er minst 1 m/s. (...).Ved stans i kraftstasjonen vil vatnet som gjekk gjennom umiddelbart byrje renne forbi i elva sidan det ikkje er eit inntaksmagasin som må fyllast opp før det renn over. Reduksjonen i vassføringa nedom avløpet frå kraftverket vil vare så lenge det tek vatnet å renne dei 150 meterane frå inntaket og ned til avløpet. Med ei vasshastigheit på 1 m/s vil vasstanden vere tilbake på opprinneleg nivå i løpet av 2-3 minutt. Det er ikkje sannsynleg at fisk eller andre organismar vil ta skade ved ein såpass kort tørrleggingsperiode, og omløpsventil synest difor unødvendig*».

Rådmannen finn at omsyn til fisk og vassorganismar kan takast i vare gjennom krav til utforming av anlegg og minstevassføring.

2.10.

<u>*Vurdering av omsyn – framande artar*</u>
I tiltaksområdet er det observert fleire førekomstar av den framande plantearten parkslirekne. Parkslirekne vert rekna som eit trugsmål mot biologisk mangfald i Noreg. Utbyggjarar har eit særskilt ansvar for å hindre spreiing av denne planten. Dette følgjer av forskrift om framande organismar. Rådmannen rår til at det vert sett vilkår om at det skal utarbeidast rutinar for anleggsverksemda, som sikrar at parkslirekne ikkje vert spreidd som ei følgje av utbygginga.

<u>*Vurdering av omsyn – friluftslivsaktivitetar*</u>
Elva vert nytta til diverse elvesport. Jølster rafting har i mange år tilbydd rafting på kommersiell basis. Elva egnar seg også til elvepadling, med meir.

Elva er ei svært attraktiv fiske-elv. Den 150 meter lange strekninga, som vert påverka av kraftverket, er likevel lite nytta til fiske. Det skuldast at her er få naturlege fiskeplassar/«hølar».

2#31:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:19

Fylkesmannen seier mellom anna følgjande, om friluftslivsinteressene: «*Det er ikkje omtalt i søknaden om utbygginga kan få konsekvensar for friluftsinteresser knytt til elva. Vi stiller oss spørjande til at dette ikkje er vurdert då konsekvensutgreiinga (KU) for Jølstra kraftverk, som er under bygging, viste at Jølstra har stor regional og nasjonal verdi for rafting og elvepadling, og at det er knytt lokal næringsverksemd til aktiviteten. (...).*
*I sommarperioden vil vassføringa truleg vere stor nok til å oppretthalde elvestrekninga som eit viktig landskapselement, men reduksjonen i vassføring vil kunne få konsekvensar for vassførings-avhengige aktivitetar som elvesport og sportsfiske. Vi oppmodar kommunen til å sjå til at konsekvensane for friluftsliv og lokal næringsverksemd knytt til aktiviteten vert avklara før det vert fatta vedtak i saka*».

I sin kommentar (sjå vedlegg 7) til fylkesmannens fråsegn skriv søkjar: «*Jølster rafting har ikkje hatt innspel til denne høyringa. Konklusjonen til Jølster rafting under søknad om bygging av Fossheim minikraft 2012, var: « Vi er i utgangspunktet ikkje negative til utbygging av Fossheim minikraft, så lenge det blir gjort tiltak som muliggjør fortsatt rafting i stryket».*»




***Figur 3**. Vassførings-statistikk og minstevassføring (frå konsesjonssøknad)*

Erik Kristian Steinset, hjå Jølster rafting, vart kontakta av sakshandsamar den 1.3.2019 (per telefon). Dette for å høyre kva vassføring Jølster rafting må ha for å tilby rafting på den aktuelle elvestrekninga. Han opplyste at dei bør ha eit vassnivå på minimum 85 cm på målestaven ved NVEs målestasjon (84.15 Jølstervatn ndf.). Det svarar til ei vassføring på 22 m3/s, i følgje NVE.

Steinset seier at låg vassføring er spesielt problematisk på denne strekninga. Dette som følgje av at elva her er relativt brei. I tillegg ligg her nokre store steinar som, ved låg vassføring, er vanskeleg å passere.

Planlagt slukeevne på kraftverket er på 12 m3/s. Dersom vassføringa er større enn 34 m3/s vert difor restvassføringa, på den utbygde strekninga, minimum 22 m3/s . Middelavrenninga (som utrekna av historiske data for perioden 1964 – 2003) er større enn 34 m3/s frå byrjinga av mai til slutten av august (sjå figur 3, ovanfor). Sommarsesongen for rafting vert difor ikkje nemneverdig påverka av kraftutbygginga i eit normalår. Men i tørre år vil tal «raftingdagar» kunne bli monaleg redusert. År 2002 var eit tørt år, sjå figur 4, nedanfor. Vassføringsdata for år 2002 tilseier at sommarsesongen kan bli redusert med bortimot 30 raftingdagar, i eit tørt år.

2#32:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:20




***Figur 4**. Vassføringsvariasjonar i eit tørt år (2002). Mørk raud graf viser observert vassføring. Blå graf viser restvassføring om kraftverket hadde vore i drift dette året. (Figur henta frå konsesjonssøknad).*

På kva måte klimaendringane vil påverke framtidig avrenning er uvisst. Nedbørsframskrivingane for sommaren, i Sogn og Fjordane, er ikkje eintydige. I Vestlandsforskingsrapport nr. 5/2017 (*Det grøne skiftet. Heilskapleg sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane Bakgrunnsnotat for utarbeiding av lokale analysar*) er det rekna med ei endring på mellom – 8 til + 10 % i sommarnedbøren i 2050. Historiske data er på denne bakgrunn det beste vi har å gå etter når vi skal vurdere konsekvensar for rafting m.v..

Jølstra kraftverk har tidlegare fått konsesjon for ei lengre strekning, frå Langhaugane til Mo (i Førde). På denne strekninga vert mogelegheitene for å drive rafting/vassportaktivitet svært mykje redusert, sett i høve til dagens situasjon. Rådmannen ser at også Fossheim småkraft vil påverke vassport-interessene negativt. Det vil i hovudsak gjelde for tørre år.

Det er mogeleg at tiltak i elvelaupet, som fjerning av steinblokker (som hindrar rafting ved vassføring på 20 m3/s), kan medverke til å gjere rafting moglege på lågare vassføringar enn i dag (på utbyggingsstrekninga for Fossheim småkraft). Dette er ikkje utgreidd i søknaden. Det kan også vere mogeleg å gjere tilpassingar i drifta av kraftverket, som eitt avbøtande tiltak. Det kan t.d. lagast ordningar der dei som driv organisert rafting har moglegheit til å melde frå på førehand og be om at kraftverket, i eit spesifikt tidsrom i løpet av ein dag, vert køyrt på ein måte som slepp nok vatn til at rafting vert mogeleg. Dette er truleg mogeleg å få til utan store negative effektar for kraftverkseigar, men dette er heller ikkje utgreidd i søknaden.

Rådmannens oppfatning er at dei negative effektane på friluftsinteressene er akseptable, sett i høve til lønsemda i prosjektet. Han ser det difor ikkje som aktuelt å nekte konsesjon med utgangspunkt i friluftsinteressene, aleine. Han vil likevel råde til at mogelege avbøtande tiltak, knytt til vassportaktivitet, vert vurdert i samband med utarbeiding av detaljplan for anlegget.

<u>*Vurdering av omsyn – naturfare*</u>

NVE har gjeve fråsegn til søknaden, sjå vedlegg. NVE har mellom anna gjort vurderingar

2.11.
2#33:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:21

knytt til naturfare. Dei oppsumerar slik: «*NVE gjer merksam på at aktsemdkart for jord- og flaumskred syner at deler av tiltaksområdet ligg innanfor. Vårt flaumsonekart for elvestrekningen bør nyttast til å plassere kraftstasjonen flaumsikkert. Den eksisterande inntakskanalen fungerer no som flaumkanal. Ei eventuell utbygging må ikkje endra dei hydrauliske tilhøva slik at det medfører auka flaum og erosjon på tilstøytande areal. Nedgraving av vassveg må ikkje medføre at erosjonsvernet langs Jølstra blir dårlegare. Elvebreidda består av morenemassar som elva kan erodere*».

Rådmannen rår til at det vert stilt krav om at detaljplan tek omsyn til NVEs fråsegn.

<u>*Vurdering av omsyn – ureining og støy*</u>
I konsesjonssøknaden vert det sagt av bruk av dykka avlaup vil syte for at det ikkje spreidd støy til omgjevnadane. Kraftstasjonen vert eit betongbygg. Eventuelle vifter vert utstyrt med lydfeller. Det vil hindre støyureining frå bygget, i følgje søknaden.

Fylkesmannen skriv: «*Vi viser til reglane for mellombels anleggsdrift i ureiningslova § 8 når det gjeld tiltak for å hindre ureining frå arbeidet. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve. Fylkesmannen er også generell styresmakt for støyutslepp frå industri med meir, og kan setje nærare krav etter ureiningslova. Søkar må vurdere om det er behov for støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen, jf. T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging»*».

Rådmannen føreset at detaljplan for anlegget vil ta omsyn til offentlege retningsliner/regelverk knytt til ureining og støy.

<u>*Vurdering av omsyn – offentleg vegar og trafikktryggleik*</u>
Det skal ikkje etablerast nye avkøyrsler eller vegar, i følgje søknaden. Statens vegvesen har gjeve fråsegn til søknaden, sjå vedlegg. Fråsegna seier følgjande: «*Vi reknar med at det vert ein del trafikk her i anleggsfasen og elles noko trafikk ved tilsyn/vedlikehald. Vi viser til at det skal sendast eigen søknad om utvida bruk av aktuell avkøyrsle til Statens vegvesen dersom dette ikkje er gjort. Vi har elles ikkje ytterlegare kommentarar til søknaden*».

Rådmannen rår til at bruk av avkøyrsler vert avklart i samband med utarbeiding av detaljplan for Jølstra kraftverk.

<u>*Vurdering av omsyn – landskap, kulturminner og –miljø*</u>
Omsøkte kraftverk vil føre til redusert vassføring på ei 150 meter lang elvestrekning. Elva er eit viktig landskapselement for Vassenden. Fylkesmannen skriv i si fråsegn: «*Eit vassuttak på 12 m3/s vil (...) ha stor relativ effekt når vassføringa i elva vert redusert til eller ned mot eit minstevassføringsnivå på 5 m3/s i vinterperioden. I slike situasjonar vil endringa vere godt synleg. I sommarperioden vil vassføringa truleg vere stor nok til å oppretthalde elvestrekninga som eit viktig landskapselement, (...).*»

Figur 1 (sjå avsnitt om søknaden/prosjektet ovanfor) syner bilde av elva med ei vassføring på 5,5 m3/s. Minstevassføringa som prosjektet legg opp til i vinterhalvåret er til samanlikning på 5 m3/s. Rådmannens vurdering er at minstevassføringa, som søknaden legg opp til, vil sikre at elvas verdi som landskapselement vert tatt i vare. Dette sjølv om variasjonen i vassføring, spesielt vinterstid, vert redusert.

2#34:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:22

Den gamle kraftverket (frå 1936), eit sagbruk (frå slutten av 1800-talet), eit meieri (frå 1897), eit kvernhus og eit gardstun (med løe og stove) står fram som samla kulturmiljø på Vassenden. Dette kulturmiljøet gjev innsikt i historia til staden og korleis vasskrafta har vore nytta fram gjennom tidene. Dei aktuelle bygningane vert ståande som før, i følgje søknaden. Rådmannen føreset også at plassering og utforming av ny kraftstasjon og røyrgate vert gjort på ein måte som tek i vare det eksisterande kulturmiljøet.

*Samla vurdering*
På bakgrunn av søknad, med utgreiingar, og høyringsinnspel er rådmannens vurdering at fordelane med planlagt utbygging er klårt større enn dei skader og ulemper utbygginga fører til for ålmenne og private interesser. Rådmannens vurdering er at tiltaket ikkje er i strid med naturmangfaldslovas prinsipp og retningsliner for ivaretaking av naturmangfald (jamfør naturmangfaldlova § 7). Det er heller ikkje grunn til å tru at kraftverket fører til dårlegare tilstand på vassførekomsten, jamfør vassforskriftas miljømål (§ 4). Rådmannen føreset at dei ulike ålmenne interesser som er omtalt i saksutgreiinga vert teke omsyn til ved utarbeiding av detaljplan for anlegget og ved drift av kraftverket.

*Eventuell oppfølging av konsesjonsvedtak*
NVE skriv følgjande i si fråsegn: «*Vi ber kommunen gjere søker merksam på følgende dersom det blir gitt konsesjon:*
*Den som får konsesjon kan ikkje begynne å bygge før det føreligg vedtak om konsekvensklassifisering*
*av dam og rørgate fra NVE. Konsekvensklassen er bestemmende for sikkerhetskravene som stilles til*
*planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planer starter.*
*Regelverk, retningslinjer og veiledere for klassifisering og tekniske planer for vassdragsanlegg finnes på www.nve.no, under menypunkta Damsikkerhet og energiforsyningsberedskap -> Damsikkerhet ->*
*Regelverk. Hvis dam og/eller rør blir klassifisert (klasse 1-3), skal NVE v/seksjon for damsikkerhet*
*følge opp denne delen av byggingen.*
*Dersom søkeren ikkje inngår avtale med områdekonsesjonær om at områdekonsesjonæren skal bygge og drive nettilknytninga, må det søkast NVE om anleggskonsesjon. Anleggskonsesjon vil gjelde for elektriske anlegg i kraftverket og fram til tilknytningspunkt i nettet. NVE vil behandle ein eventuell søknad om anleggskonsesjon etter at kommunen har fatta sitt vedtak og eventuelt gitt tillatelse til kraftverket. Dersom det er naudsynt med anleggskonsesjon for dei elektriske anlegga, må slik konsesjon foreligge før bygginga kan starte.*
*Frå det tidspunktet anlegget settes i drift vil NVE overta ansvaret for oppfølging, og føre tilsyn med konsesjonsvilkåra knyttet til vassdragsdelen av anlegget. Eksempler på slike konsesjonsvilkår er krav om minstevassføring, driftsvassføring og krav om omløpsventil. Tiltakshaver må sende inn eit idriftsettelsesskjema til NVE, samt etablere og anvende eit internkontrollsystem for anlegget jf. Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivningen*».

2.12.1
2#35:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:23

Fylkesmannen skriv, mellom anna: «*Vi legg til grunn at det vert stilt krav om god estetisk utforming og best mogleg terrengtilpassing for alle tekniske anlegg, og tilstelling etter anleggsperioden slik at stadeigen vegetasjon får reetablere seg. (...).*
*Dersom det vert gitt konsesjon til ei utbygging, føreset vi at vi får detaljplanen for miljø og landskap på høyring*».

3#36:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:24

Avsender: Jølster kommune
Ospene 1
6843 Skei i Jølster

79650-2-68

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

**Vedtak om konsesjon til Fossheim Småkraft SUS**

2.1.

2#13:6f6984d6-ffc2-4ce4-9095-defd94896c87:1